

# 2021

Statistikk over norske pengespel og lotteri

Annual statistics report from  
The Norwegian Gambling  
and Foundation Authority

## Norske pengespel **2021** Gambling in Norway



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet



# Innhald

Føreord.....	4
Samandrag.....	5
Endring i omsetning.....	13
Norsk Tipping AS.....	15
Norsk Rikstoto .....	23
Spel på nett og mobil– Norsk Tipping og Norsk Rikstoto .....	26
Bingo .....	27
Andre lotteri .....	31
Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn .....	35
English summary .....	36
Vedlegg .....	39

# Den samla omsetning i spelemarkanden var stabil frå 2020 til 2021

I 2021 var det forskjellige forhold som påverka omsetninga for nokre av spela. Som følgje av Covid-19 var enkelte spel negativt påverka både i 2021 og 2020. Desse åra har fleire speltildarar hatt redusert omsetning, og mykje på grunn av pandemien. Til dømes har bingo-hallar samt Belago- og Multix-terminalar tidvis vore stengde under koronaepidemien. Dersom vi justerer omsetninga i den norske spelemarknaden i 2021 med endring i konsumprisindeksen, så ligg omsetninga i 2021 rett under omsetninga i 2019.

I tillegg til Covid-19 har også ansvarlegheitstiltak redusert omsetninga for Norsk Rikstoto og stabilisert omsetning for ein av Norsk Tipping sine spelkategoriar.

Norsk Rikstoto har redusert nettoomsetninga (etter gevinstutbetaling) med heile 11 % frå 2020 til 2021. Mellom anna skuldast dette innføringa av ei månadleg maksimal tapsgrense for Rikstoto sine spelarar, men og at nokre arrangement måtte avlysast på grunn av pandemien. 2020 var eit bra år for Rikstoto, noko som heng saman med at dei hadde eit utvida tilbod på hesteløp i frå andre land.

Norsk Tipping sin spelkategori *Instaspill* (online kasino, online bingo og online skrapespel) har det siste året hatt ein mindre vekst (2 %). Frå desember 2020 til september 2021, reduserte Norsk Tipping den maksimale tapsgrensa for Instaspill frå kroner 10 000 til kroner 5 000,- per måned. Utan dette tiltaket ville omsetninga auka meir enn 2 % i 2021, for frå 2019 til 2020 auka omsetning for Instaspill med 27 %.

Sportsspele til Norsk Tipping har hatt sterk vekst frå 2020 til 2021, og 27 % for netto omsetning. Denne veksten heng saman med ein vekst i talet på spelarar, og Norsk Tipping seier sjølv at dei har kanalisert fleire spelarar frå dei ulovlege aktørane. Veksten må og sjåast i lys av at desse spela hadde ein reduksjon i 2020 fordi Covid 19 reduserte talet på sportshendingar.

Endringar i omsetninga og nordmenn si deltaking i dei ulike spela har vi tidlegare omtalt i den foreløpige pengespelstatistikken for 2021.

*Førde, januar 2023*



**Atle Hamar**  
direktør

1 <https://lottstift.no/content/uploads/2022/06/Den-norske-pengespelmarknaden-2021.pdf>

# Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2021 omsett for nærare 51,9 milliardar kroner. Av dette gjekk 40,8 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 11,1 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Metode for datainnsamling og estimat blir omtalt i vedlegg.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2021

År 2021	Millionar	
	NOK	EUR <sup>2</sup>
Brutto omsetning (spelt for)	51 878	5 104
Gevinst	40 818	4 016
Netto omsetning (lagt igjen/tap) /GGR	11 060	1 088

År 2021	Spelt for		Lagt igjen (ettergevinst)/ GGR	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>3</sup>	9 592	944	2 045	201
Per innbyggjar 18 år og eldre	12 070	1 187	2 573	253
Per husstand <sup>4</sup>	20 432	2 010	4 356	429
Prosent av disponibel inntekt <sup>5</sup>	3,04 %		0,65 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 9 592 kroner i 2021. Dette er 109 kroner meir enn i 2020 då satsa beløp per innbyggjar var på 9 483 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2021 ha lagt igjen 2 045 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 0,65 prosent. Beløpet som er igjen etter gevinstutbetaling er 9 kroner meir enn i 2020 (kr 2 036).

At satsa beløp auka meir enn det som er igjen etter gevinstutbetaling heng saman med at det vert spelt noko meir på spel med høg gevinstprosent.

<sup>2</sup> Middelkurs 2021 frå Norges Bank 10,1648


<sup>3</sup> Gjennomsnittleg folketal frå SSB, [www.ssb.no](http://www.ssb.no) 1/1-2021 og 1/1-2022.

<sup>4</sup> Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,13 (SSB).

<sup>5</sup> SSB: Disponibel inntekt 2021: 1 708 756 millionar kroner.

## Brutto omsetning i 2021

Den norske pengespelmarknaden, brutto omsetning 2021,  
totalt 51 878 millionar



I 2021 spelte nordmenn for 51,9 milliardar kroner mot 51,0 milliardar i 2020.

I 2021 vart det satsa 43,7 milliardar på Norsk Tipping sine spel, nær 4 milliardar<sup>6</sup> på Multix- og Belago-spel, og 22,8 milliardar på dei nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). På hestesport spelte nordmenn for 3,2 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på vel 3,7 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten og 3,6 milliardar, inkludert sidespel i bingo (databingo og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør var 111 millionar kroner.


Blant dei andre lotterier er det samla sett tre lotteri med lisens (etter § 7 i Lotterilova) som hadde størst omsetning, og saman med landslotterier utgjorde omsetninga 658 millionar. For mindre lokale og regionale lotteri<sup>7</sup> estimerer vi omsetninga til 145 millionar kroner. NM i poker hadde ei omsetning på 24 millionar.

Det vart spelt for 335 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

<sup>6</sup> 2 235 mill. på Multix og 1 740 mill. på Belago.

<sup>7</sup> Mindre lotteri, såkalla basasar, er ikkje medrekna.

## Den norske pengespelmarknaden 2021, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 91 prosent av marknaden.

## Pengepremiar og gevinstar i 2021

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	43 741	35 073	8 669	80 %
Norsk Rikstoto	3 228	2 245	983	70 %
Bingo med entreprenør	3 637	2 907	730	80 %
Bingo utan entreprenør	111	48	63	43 %
Lotteri med lisens	568	201	368	35 %
Landslotteri	89	10	79	11 %
Lokale/regionale lotteri*	145	30	115	21 %
Poker-NM	24	18	5	78 %
Spel på skip	335	286	49	85 %
<b>Totalt</b>	<b>51 878</b>	<b>40 818</b>	<b>11 060</b>	<b>79 %</b>

*\*) Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).*


Spelarane vann tilbake totalt 40,8 milliardar kroner av innsatsen på 51,8 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (85 %), entreprenørbingo (80 %) og Norsk Tipping (80 %).

Einskilde lotteri bokfører ofte gevinstkostnad for varegevinstar og ikkje verdi på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver).

# Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2021

Den norske pengespelmarknaden 2021,  
marknadsdelar av netto omsetning



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 87 prosent av marknaden i 2021.

## Fordeling til formål og administrative kostnader i 2021

Netto omsetning	Mill. kr	Formål		Administrative kostnader	
		Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	8 669	6 286	73 %	2 382	27 %
Norsk Rikstoto	983	496	50 %	488	50 %
Bingo med entreprenør	730	180	25 %	549	75 %
Bingo utan entreprenør	63	55	87 %	8	13 %
Lotteri med lisens	368	193	53 %	174	47 %
Landslotteri	79	33	42 %	46	58 %
Lokale/regionale lotteri*	115	110	96 %	5	4 %
Poker-NM	5	1	23 %	4	77 %
Spel på skip	49	10	20 %	39	80 %
<b>Totalt</b>	<b>11 060</b>	<b>7 364</b>	<b>67 %</b>	<b>3 696</b>	<b>33 %</b>

\*) Estimerte beløp




7,36 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (6,29 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (73 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 496 millionar til formåla.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå mindre lokale lotteri og bingo utan entreprenør. For entreprenørbingo, Poker NM og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter 25 prosent eller mindre av nettoomsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 180 millionar, eller 25 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekter frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6. Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 10 millionar, og frå Poker-NM om lag 1 million.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.

Den norske pengespelmarknaden 2021, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Dei administrative kostnadene var 15 millionar høgare i 2021 enn dei var i 2020. Samstundes har nettoomsetninga auka med 110 millionar. Formåla har fått 95 millionar meir i 2021 enn i 2020 då formåla fekk 7 269 millionar kroner.

Administrative kostnader<sup>8</sup> i 2021 utgjorde 3,7 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,38 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (27 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Rikstoto sine spel (0,49 mrd.) og entreprenørbingo (0,55 mrd.).

<sup>8</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi synleggjere for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnad til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnhavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	8 669	475	5 %
Norsk Rikstoto	983	74	7 %
Totalt	9 652	549	6 %

Frå spela her gjekk det 549 millionar kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnhavarar. Dette utgjer 6 % av netto omsetning. Dette er ein reduksjon frå 2020 då beløpet utgjorde 602 millionar og 6 % av netto omsetning.

## Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter 2021	Mill.kr	Prosent
Idrett	3 787	51 %*
Kultur (tippenøkkel)	926	13 %
Musikk/kultur/fritid	284	4 %*
Hest/hestesport	496	7 %
Helse	632	9 %*
Humanitær	853	12 %*
Diverse	149	2 %*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	222	3 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	17	0,2 %
Totalt	7 364	100 %

*\*) I tillegg får formåla delar av 222 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3 %)*

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkel tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, samt helse- og rehabiliteringsformål. Fordelinga er forankra i Pengespelova § 10. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkel og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på to måtar: Tre beredskaps-organisasjonar får ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller vilkår i forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og

humanitære organisasjonar kan søke Lotteritilsynet om tilskot.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Grasrotordninga og midlar til tiltak knytt til uheldig speleåtfærd, kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning og er heller ikkje medrekna i tippenøkkel.

I tillegg til midlar over tippenøkkel er det også utbetalt 0,2 million til mottakarar under tippenøkkel. Dette er opptente renter frå tidlegare år, og er omtalt i statsbudsjettet. Beløpet er medrekna her, men ikkje i formåla sin andel av spelomsetninga for 2021.

### **Idrett (3 787 millionar \*)**

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 3 293 mill., 380 mill. frå grasrotordninga, 84 mill. frå entreprenørbingo, 16 mill. frå NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 8 mill. frå spel på skip og 6 mill. frå landslotteri.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

### **Kultur og fritid (1 210 millionar \*)**

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 926 mill. blei fordelt over tippenøkkelen.

I tillegg er 284 mill. i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 204 mill., entreprenørbingo 43 mill., inntekt frå Belago med 8 mill., spel på skip nær 1 mill., landslotteri 3 mill., og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad 25 mill.

### **Hest/hestesport (496 millionar)**

Dette er inntekter som i sin heilskap kom frå Norsk Rikstoto.

### **Helse (632 millionar \*)**

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund og Stiftelsen Dam.

Stiftelsen Dam fekk 352 mill. frå Norsk Tipping via tippenøkkelen, men i tillegg fekk andre helseorganisasjonar 161 mill. etter søknad til Lotteritilsynet. Vidare kom det 19 mill. frå landslotteri, 44 mill. frå entreprenørbingo, 10 mill. frå Belago, 45 mill. frå grasrotordninga (NT), 0,3 million frå spel på skip og Poker-NM i overkant av 1 million.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

### **Humanitær (853 millionar \*)**

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 495 mill., større lotteri med lisens 153 mill, landslotteri med 3 mill., entreprenørbingo med 5 mill. og 1 million frå Belago.

I tillegg er det rekna med 7 mill. frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 188 mill. etter søknad til Lotteritilsynet og 0,3 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

### **Diverse organisasjonar (149 millionar \*)**

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom etter søknad til Lotteritilsynet (57 mill), frå større lotteri med lisens (41 mill), frå entreprenørbingo (5 mill.), 1 million frå Belago, landslotteri (1 mill.), grasrotmidlar (NT) (44 mill.), spel på skip (0,5 mill.)


### **Tiltak vedkommande uheldig speleåtferd (17 millionar)**

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

*\* Uspesifiserte inntekter (222 millionar)*

*Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (55 mill.), lokale/regionale lotteri (110 mill.) og grasrotmidlar (57 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele desse inntektene på formåla ovanfor, men 52 mill. av dette er inntekt frå bingo på lokalradio og lokal-TV.*

## Den norske pengespelmarknaden år 2021, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



## Endring frå 2020

Formåla fekk for 2021 tilført 60 millionar meir enn året før. Noko som utgjer i underkant av ein prosent. Endringar er større for einskilde kategoriar av formål.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2020	2021	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	3 749	3 787	38	1 %
Kultur	909	926	17	2 %
Musikk/kultur/fritid	286	284	-2	-1 %
Hest/hestesport	564	496	-68	-12 %
Helse	687	632	-55	-8 %
Humanitær	729	853	124	17 %
Diverse	140	149	9	6 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	223	222	-1	-1 %
Tiltak vedk. speleavhengighet	17	17	0	0 %
<b>Totalt</b>	<b>7 304</b>	<b>7 364</b>	<b>60</b>	<b>1 %</b>

Det er fleire årsaker til endringar. Reduksjon for *Hest/hestesport* skuldast redusert omsetning hos Norsk Rikstoto. Endringa for kategoriane *Helse* og *Humanitær* skuldast mellom anna ei midlertidig endring i fordeling av midlar frå Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar: Redd Barna har fått tildelt ekstra midlar som følgje av omgjerung for tildelingsåra 2019 til 2021, og dermed har mellom andre organisasjonane innan kategorien *helse* fått redusert sine tildelingar. Vekst for *humanitær* skuldast også omsetningsvekst for lotteria med lisens.

# Endring i omsetning

# 2.

## Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2020 - 2021
Brutto omsetning (spelt for)	38 490	40 709	43 671	46 548	49 592	51 015	51 878	2 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	9 752	10 143	10 270	10 480	10 577	10 950	11 060	1 %

Omsetninga er auka med nærare 2 % for brutto og 1 % for netto omsetning.

## Norsk Tipping<sup>9</sup>

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2020 - 2021
Brutto omsetning	29 742	32 029	34 916	38 122	40 267	42 594	43 741	3 %
Netto omsetning	7 234	7 680	7 835	8 142	8 156	8 510	8 669	2 %

Brutto og netto omsetning auka med høvesvis 3 % og 2 % samanlikna med 2020.

## Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2020 - 2021
Brutto omsetning	3 728	3 881	3 894	3 611	3 398	3 589	3 228	- 10 %
Netto omsetning	1 199	1 244	1 242	1 154	1 074	1 108	983	- 11 %

Norsk Rikstoto si bruttoomsetning er redusert med 10 % frå 2020. Endringa skuldast i stor grad innføring av ansvarlegheitstiltak (maksimal tapsgrense).

## Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2020 - 2021
Brutto omsetning	4 078	3 836	3 737	3 648	4 638	3 707	3 637	- 2 %
Netto omsetning	868	757	726	696	807	738	730	- 1 %

Omsetning i entreprenørbingo er redusert med 2 % for brutto, og 1 % for netto omsetning.

## Landslotteri og lotteri med lisens

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2020 - 2021
Brutto omsetning	269	283	292	308	424	558	658	18 %
Netto omsetning	219	225	230	231	261	365	446	22 %

Landslotterier, og lotteri med lisens har til saman auka med 18 % for brutto og 22 % for netto omsetning. To av lotterier med lisens bidreg til veksten.

<sup>9</sup> Fram til 2015 var spelet Extra presentert for seg. Extra er frå 2016 ein del av Norsk Tipping sin ordinære spelportefølje. Omsetningstal for Extra er her medrekna i tal for 2015.

**Poker-NM**

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Brutto omsetning	16	19	17	21	22	0	24
Netto omsetning	2	3	3	3	4	0	5

På grunn av covid-19 vart ikkje Poker-NM arrangert i 2020.

**Bingo utan entreprenør**

Brutto omsetning, tal i millionar	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tal løyve:	250	250	240	240	230	175	150
Omsetning:	116	116	118	113	127	116	111

Tal lag som har gjennomført bingo utan entreprenør er redusert i 2021.

**Lokale/regionale lotteri**

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tal meldingar motteke	2 300	2 380	2 600	2 610	2 880	2 310	2 240
Tal løyve gitt	60	60	68	68	70	48	50
Estimert omsetning <sup>10</sup> (brutto oms. tal i mill.)	130	150	140	160	160	150	145

Vi har registrert færre lotteri i 2021 enn i 2020.

**Spel på skip**

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2020 - 2021
Brutto omsetning	412	395	55711	566	556	302	335	11 %
Netto omsetning	80	77	74	85	86	41	49	19 %


Samanlikna med 2020 er omsetninga auka.

<sup>10</sup> Estimert omsetning er avrunda (sjå vedlegg for berekningsmåte).

<sup>11</sup> Frå 2017 blir brutto omsetning rapport på annan måte enn tidlegare. Difor er ikkje brutto omsetning til og med 2016 samanliknbar med seinare omsetning.

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 43,7 milliardar kroner i 2021.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2021, totalt 43 741 millionar



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget og Extra	11 118	25 %
Sportsspel:	Tipping <sup>12</sup>	527	1 %
	Oddspill før arrangement	2 627	6 %
	Oddspill under arrangement (ofte fotballkamp)	1 655	4 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 029	2 %
Terminalspel:	Multix og Belago	3 975	9 %
Instaspill:	Online - Flax, Bingoria og KongKasino	22 810	52 %
Total brutto omsetning		43 741	100 %

<sup>12</sup> Inkludert Fantasy med brutto omsetning 0,94 million.

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Skrapelodd					Totalt
	Talspel	Sportsspel	(papir)	Terminal-spel <sup>13</sup>	Instaspill	
Total brutto oms.	11 118	4 809	1 029	3 975	22 810	43 741
Totalt til gevinst	5 586	3 688	574	3 683	21 541	35 073
Total netto oms.	5 532	1 121	455	292	1 268	8 669
Gevinstprosent	50 %	77 %	56 %	93 %	94 %	80 %

Totalt gjekk 80 prosent tilbake til spelar som gevinst. 20 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd, med høvesvis 50 og 56 prosent.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 77 prosent der oddsspel under arrangement har høgaste prosent (83 %). Oddsspel før arrangement hadde ein samla gevinstdel på 77 prosent<sup>14</sup>. For tipping er gevinstprosenten 54. Høgaste gevinstprosent har terminalspela med 93 prosent og Instaspill med 94 prosent.


På grunn av lågare gevinstdel på talspel er omsetninga her størst etter gevinstutbetaling. To tredelar av netto omsetninga, eller nær 5,6 milliardar kjem frå talspela. Mesteparten her kjem frå Lotto, Viking Lotto og Eurojackpot.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 3 384 den 31. desember 2021.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil, og totalt 34 946 millionar kroner. 4 407 mill. vart satsa på sportsspel og 7 728 mill. på talspel (som Lotto og Extra). For Instaspill, der det berre kan spelast over internett og mobil, blei det satsa totalt 22 810 millionar kroner. Gjennom kommisjonærnettet gjekk det 4 820 mill.<sup>15</sup> på talspel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 3 975 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

Netto omsetning, Norsk Tipping AS, etter gevinstutbetaling 2021, totalt kroner 8 669 millionar.

Millionar og prosent per spelkategori.



<sup>13</sup> Multix: Brutto 2 235 mill. og netto 174 mill. Belago: Brutto 1 740 mill. og netto 118 mill.

<sup>14</sup> Langoddsen 75 %. Oddsbomben har fast gevinstprosent på 60 %.

<sup>15</sup> Av dette utgjør *Spill i kasse* 234 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupong (talspel) som blir selt over disk eller i kassa i daglegvareforretningar.



## Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 8 669 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	6 286	73 %
Driftskostnader Norsk Tipping <sup>16</sup>	1 907	22 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	475	5 %
Midlar som er haldne tilbake i NT <sup>17</sup>	0	0 %
Sum = netto omsetning	8 669	100 %

Til formåla gjekk det 6 286 millionar kroner eller 73 prosent av netto omsetning. I 2020 var prosenten til formål 72 %, som då utgjorde 6 167 millionar.

Frå 2021- overskotet vart 5 497 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 35,5 mill. frå Belago-terminalane som formåls-

inntekt i bingo, 737 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. I beløpet inngår også 17 mill. til tiltak mot uheldig spele-åttferd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2021 vart utbetalt til formål i 2022.

<sup>16</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

<sup>17</sup> Midlar som blir haldne tilbake i Norsk Tipping inngår i selskapet sin eigenkapital og kan disponerast til formål i komande år. Det vart ikkje halde tilbake midlar for speleåret 2021.

## Fordeling til overskotsformål – Tippenøkkelen<sup>18</sup>

Frå fordeling frå 2021- overskotet gjekk kroner 3 292,7 millionar til idrettsformål. 926,1 mill. til kulturformål og 926,3mill.<sup>19</sup> til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. Kroner 351,8 millionar gjekk til helse- og rehabiliteringsformål (Stiftelsen Dam).

Blant kulturformål fekk *Den kulturelle skolesekken* 310 mill., *Frifondordningen* 190 mill., *Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg* 56 mill.


### Idrett

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.<sup>20</sup>

Tal i millionar kroner	
Idrettsanlegg	1 770,6
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	775,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	428,0
Spesielle aktivitetar	163,1
Forskings- og utviklingsarbeid	36,3
Nasjonalanlegg og spesielle anlegg	93,7
Mangfalds- og inkluderingsordning	26,0
<b>Totalt</b>	<b>3 292,7</b>

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 54 % og 24 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar, 2021



<sup>18</sup> Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2022-2023) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 149 til 157.

<sup>19</sup> I tillegg er det brukt 0,2 mill. kroner av opptente renter frå tidlegare år. Det totale beløpet til fordeling i 2021 er difor 926,3 mill. kroner.

<sup>20</sup> Pressemelding frå Kulturdepartementet 6. mai 2022, beløp er avrunda.

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 926,3 millionar kroner.<sup>21</sup>

Midlane blir fordelt etter forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping. Beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får tildelt ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller krava i forskrifta kan søke om tilskot frå resten av beløpet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Det er ei minstegrense for å kunne delta i ordninga på 10 millionar kroner i søknadsgrunnlag.

Fordeling av speleoverskotet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2022	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2021
Norges Røde Kors	292,7 mill
Redningsselskapet	180,6 mill
Norsk Folkehjelp	22,2 mill
Tilskot som blir fordelt til øvrige organisasjonar etter søknad	430,7 mill
<b>Totalt</b>	<b>926,3 mill</b>

42 organisasjonar<sup>22</sup> har etter søknad fått tildelt 431 millionar kroner.

	Tal organisasjonar	Totalt tildelt
Helse	28	160,8 mill
Musikk/kultur/fritid	3	25,1 mill
Humanitær	5	188,3 mill
Diverse	6	56,5 mill
<b>Totalt</b>	<b>42</b>	<b>430,7 mill</b>

21 Frå: Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2022-2023) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 156.

22 Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

## Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si spelomsetning i 2021 har det gått 737 millionar<sup>23</sup> til nærare 35 600 lokale lag og foreiningar. Inntil 7 prosent av innsatsen som blei satsa på spel i 2021 kunne gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølve bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2021– kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	380 476 861	9 786
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	74 766 096	7 213
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	73 331 420	7 034
Interesseorganisasjonar	Helse	45 179 522	2 803
Dyrevern	Diverse	35 205 937	144
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	31 779 624	1 067
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	28 809 023	2 996
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	25 535 497	1 767
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	12 139 792	510
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	5 636 293	245
Krisehjelp og støttearbeid	- fleire kategoriar	5 624 627	183
Trus- og livssynsorganisasjonar	Diverse	4 516 568	734
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	3 604 593	157
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	3 449 413	321
Natur- og miljøvern	Diverse	2 397 488	291
Frivillighetsentraler	Musikk/kultur/fritid	1 552 454	110
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 420 775	12
Andre	Diverse	548 895	23
Politiske organisasjonar	Diverse	347 468	86
Bustad - og lokalmiljø	Diverse	321 745	51
Anna utdanning	Diverse	144 896	11
Forsking og utvikling	Diverse	96 806	5
Sjukehus og rehabilitering	Helse	70 574	4
Juridisk rådgiving	Diverse	65 906	2
Grunn- og vidaregåande utdanning	Diverse	52 348	3
Arbeidsopplæring	Diverse	20 999	1
Yrkessamanslutningar	Diverse	13 064	5
Sjukeheimar	Helse	7 505	1
Høgskule og universitet	Diverse	362	2
<b>Totalt</b>		<b>737 116 551</b>	<b>35 567</b>

<sup>23</sup> På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2021	Millionar	Prosent
Idrett	380	52 %
Helse	45	6 %
Musikk/kultur/fritid	204	28 %
Humanitær	7	1 %
Diverse	44	6 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	57	8 %
<b>Totalt</b>	<b>737</b>	<b>100 %</b>

Største delen av grasrotmidlane, 52 prosent, gjekk i 2021 til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse - og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

## Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingo-hallane der terminalane er utplassert.

For 2021 gjekk det frå desse terminalane 35,5 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalane (30 % av 118 millionar i 2021). Beløpet blir betalt ut gjennom bingoentreprenørane. Basert på kategorisering av ICNPO koder<sup>24</sup> (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar	Prosent
Idrett	15,6	46 %
Helse	9,6	25 %
Musikk/kultur/fritid	8,2	24 %
Humanitær	1,0	3 %
Diverse	1,0	3 %
<b>Totalt</b>	<b>35,5</b>	<b>100 %</b>

<sup>24</sup> 146 lag og foreiningar med totalt 1,2 millionar i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

## Stiftelsen Dam

Stiftelsen fekk 351,8 millionar frå tippenøkkelen.

### Fordeling til program frå Stiftelsen Dam


Stiftelsen fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar i Norge. Frivillige helse-organisasjonar kan søkje om midlar etter ha blitt godkjent som søkjarorganisasjonar av stiftelsen.

Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine utlysingar. Frå speleoverskotet i 2021 og med midlar finansiert av oppsparte fond delte stiftelsen ut 398,7 millionar kroner. Her inngår også stiftelsen sitt program Ekspress, der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar har fått innvilga 12 millionar til mindre prosjekter i lokallaga. Fordelinga skjedde i 2022.

Fordeling til formål	Mill. kr	Prosent
Helse	171,2	51 %
Forsking	166,3	49 %
Sum	337,4	
Ekspress	12,1	
Adm.tillegg til mottakarorganisasjon	49,2	
<b>Totalt</b>	<b>398,7</b>	

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,23 milliardar kroner i år 2021.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel i 2021, totalt 3 228 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 228	100 %
Totalt til gevinst	2 245	70 %
Total netto omsetning	983	30 %

70 prosent av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og nær ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er redusert gjennom 2021, frå 1 321 (1. jan. 2021) til 1 152 (31. des. 2021). Ved utgangen av 2021 var det i Norge ti travbaner og ei galoppbane, men det kan også spelast på løp i andre land.

21,7 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde 0,4 prosent, medan internett utgjorde 77,9 prosent. I 2020 utgjorde omsetninga over internett 74 prosent. Som 2020 var også 2021 eit spesielt år med fleire Covid 19-tiltak som påverka omsetning.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over internett)	700,5	21,7%
Baner	12,3	0,4 %
Internett/Mobil	2 515,2	77,9 %
Totalt	3 228,0	100,0 %

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter gevinstutbetaling var det 983 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	495,8	50,4 %
Til operatør (Rikstoto)	413,8	42,1 %
Til kommisjonær	73,7	7,5 %
Sum = netto omsetning	983,3	100,0 %

Til formåla gjekk det 496 millionar kroner eller 50 prosent av netto omsetning. I 2020 var prosenten til formål 51, som då utgjorde 564 millionar.

Fordeling til formål	Mill. kr
Løps- og oppdrettspremiar	189,5
Transporttilskot	1,9
Norsk Hestesenter	29,0
Det Norske Travsselskap	57,6
Norsk Jockeyklubb	33,6
Bidrag avskrivning finans	37,7
Provisjon driftsselskap (banene)	146,5
Totalt <sup>25</sup>	495,8

## Forklaring til dei ulike formåla

**Løps- og oppdrettspremiar** Dette er løpspremiar utbetalt til hesteeigarar i storløp og ordinære løp arrangert av banene. Her inngår også premiar til oppdrettarar med 20,2 millionar.

**Norsk Hestesenter** på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar. Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

**Det Norske Travsselskap (DNT)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

**Norsk Jockeyklubb (NJ)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.


**Bidrag avskrivning finans** er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

**Provisjon driftsselskap (DS)** blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane.

<sup>25</sup> I årsmelding oppgir Rikstoto 506,7 millionar. Stevneveterinær- og dopingkostnader med totalt 10,9 millionar er ikkje medrekna her.



Prosentvis fordeling av formålsmidler frå Norsk Rikstoto 2021,  
totalt 496 millionar kroner



## Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 73,7 mill. eller 7,5 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	413,8
Andre inntekter	51,7
Samla kostnader	451,2
Årsresultat	14,3

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit overskot på 14,3 millionar i 2021. I 2020 var resultatet eit overskot på 44,3 millionar.

## Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over internett med kjøpe av spel frå PC, nettbrett eller mobiltelefon. For fleire av spela er dette same spel som ein kjøper hos tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i Instaspill-kategorien og Liveodds kan berre kjøpast over internett eller mobil.

Sidan 2018 har langt over halvparten av brutto omsetning hos begge operatørane kome frå spel over nett og mobil.

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest, og i 2021 var 78 % av spelet kjøpt på internett og med mobil. Norsk Tipping har ein breiare spelportefølje, og totalt kom 80 % av bruttoomsetninga på nett og mobil i 2021.

For Norsk Tipping sine kategoriar KongKasino, Bingoria og online skrapespel kom 100 % via internett og mobil. Tilsvarende del frå sportsspel og talspel var høvesvis 92 % og 70 %. Norsk Tipping sine andre spel, Multix, Belago og Flax i papirformat, blir ikkje tilbydd over internett og mobil.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2021<sup>26</sup> og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert resultat og anslag for spel på internett for 2021.

Prosent av brutto omsetning over internett og mobil	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Norsk Tipping	17 %	32 %	38 %	44 %	51 %	59 %	68 %	78 %	80 %
Norsk Rikstoto	36 %	40 %	43 %	46 %	49 %	62 %	66 %	74 %	78 %

Frå desse undersøkingane har 30 prosent av nordmenn, 18 år og eldre, brukt internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2021 utgjorde dette 1,28 million nordmenn over 18 år. 95 prosent av nettspelarane sa dei hadde spelt hos Norsk Tipping eller Norsk Rikstoto. 12 prosent av nettspelarane svarte at dei hadde spelt på utanlandske nettstader, noko som utgjør i underkant av 4 prosent av nordmenn 18 år

og eldre. Lotteritilsynet reknar ikkje med at spørjeundersøkingane fangar opp alle som spelar, men meir dei som spelar ofte og regelmessig, enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

For 2021 anslår Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling (netto omsetning) la igjen mellom 1 800 og 2 200 millionar kroner på ulovlege nettstadar.

<sup>26</sup> Kvartalsvise målingar gjort i 2021 (totalt 4 000 spurde over 18 år).

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

## Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om 48 bingoentreprenørar som til saman dreiv 217 bingolokale per 31. desember 2021. Talet på bingolokale er seks færre enn ved utgangen av 2020 då talet var 223.

### Bingo med entreprenør - nøkkeltal år 2021

Brutto omsetning sidespel er inkludert	3 637 mill kr
Gevinst	2 907 mill kr
Netto omsetning	730 mill kr
administrativ kostnad	549 mill kr
overskot til formåla <sup>27</sup>	180 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	5 %
Formåla sin del av netto oms.	25 %
Gevinstprosent	80 %

Entreprenørbingo omsette for vel 3,6 milliardar kroner. Til lag og organisasjonar vart det overført 180 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 80 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 25 prosent.

Samanlikna med 2020 er omsetninga noko redusert. Brutto omsetning i 2020 var 3 707 millionar kroner, og netto omsetning var 738 millionar kroner.

Formåla har dermed fått noko mindre inntekt frå bingo enn i 2020. Reduksjonen utgjorde 2 millionar. Dei fleste formål får i tillegg inntekt frå Belago der inntektene også er redusert. Totalt er inntektene til formåla redusert med 7 millionar.

Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2021 fekk formåla 36 millionar kroner frå Belago, ein reduksjon på 4 millionar kroner frå 2020.

<sup>27</sup> Etter at entreprenørar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekte i frå (totalt 6 millionar).

**Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2021**

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinstprosent	Netto-omsetn.	Til formål	Pst. til formål av nettoomsetning
Hovudspel	972	709	73 %	263	42	16 %
Sidespel:						
- databingo	2 664	2 198	83 %	466	138	30 %
- papirsidespel	0,08	0,06	75 %	0,02	0,006	33 %
<b>Totalt</b>	<b>3 637</b>	<b>2 907</b>	<b>80 %</b>	<b>730</b>	<b>180</b>	<b>25 %</b>

For hovudspel har netto omsetning samla sett hatt ein liten vekst frå 2020 då den var oppgitt til 258 millionar kroner.

Hovudspelet kan også spelast på nett, og dette auka vesentleg frå 2020. For 2020 var det ei brutto omsetning på 206 millionar kroner i hovudspel på nett. For 2021 auka dette til 344 millionar.

Netto omsetning for sidespel er redusert frå 480 millionar i 2021. Totalt er netto omsetning redusert med 8 millionar samanlikna med 2020.

80 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har sidespela (i stor grad databingo) med 83 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 180 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er rekna med. 77 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og bortimot alt kom frå databingo (138 millionar kroner).


Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 076 lag og foreiningar i år 2021. Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. For 2021 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 35 millionar kroner.

I fjerde kvartal 2021 var det totalt utplassert 2 713 Belago-terminalar i 214 bingohallar. Bingoentreprenørane har rapportert at dei har fordelt inntekt frå Belago til 3 008 lag og foreiningar.

Med unntak av to lokale stod det ved utgangen av året databingo-terminalar i alle bingohallane, og vi reknar med at det var utplassert mellom 6 000 og 7 000 terminalar.

Formål	Bingoinntekter (hovud - og sidespel) <sup>28</sup>	Belago- inntekter <sup>29</sup>	Totalt	
	Mill.	Mill.	Mill.	Prosent
Idrett	84	16	100	46 %
Helse	44	10	53	25 %
Musikk/kultur/fritid	43	8	51	24 %
Humanitær	5	1	6	3 %
Diverse	5	1	6	3 %
<b>Totalt</b>	<b>180</b>	<b>35</b>	<b>215</b>	<b>100 %</b>

Inntekt til formåla i 2021 medrekna Belago,  
totalt 215 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 100 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 53 og 51 millionar kroner.

<sup>28</sup> 146 lag og foreningar var utan ICNPO-kode, men er her plassert på dei fem kategoriane. Dette gjeld også dei som har ICNPO-koder som omfattar fleire kategoriar.

<sup>29</sup> Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

## Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*.

I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2021, 80<sup>30</sup> rekneskap for vanleg foreiningsbingo og 69 rekneskap for radio- /TV-bingo.

### Bingo utan entreprenør - nøkkeltal år 2021

	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	14 mill kr	97 mill kr	111 mill kr
Gevinst	10 mill kr	38 mill kr	48 mill kr
Netto omsetning	5 mill kr	59 mill kr	63 mill kr
administrativ kostnad	2 mill kr	6 mill kr	8 mill kr
overskot til formål	3 mill kr	52 mill kr	55 mill kr
Berekna del til formåla av netto omsetning	59 %	89 %	87 %
Gevinstprosent	68 %	39 %	43 %

Brutto omsetning for bingo utan entreprenør var på 111 millionar kroner i 2021, fordelt på 14 millionar kroner for foreiningsbingo<sup>31</sup> og 97 millionar for radio/TV-bingo.

Brutto omsetning for foreiningsbingo er redusert frå 21 millionar i 2020 til 14 mill. i 2021. Radio- og TV-bingo har auka så smått med ei brutto omsetning frå 95 millionar i 2020 til 97 mill. i 2021. Total brutto omsetning er redusert frå 116 millionar til 111 mill.

Beløp som er rapportert til formål er for ein del bingoløve det same talet som for netto omsetning. Reelt beløp til formålet vil dermed være noko lågare enn det som kjem fram her.

30 Det er ikkje motteke rekneskap for 11 av 91 bingoløve.

31 Omsetning inklusiv papirsidespel.

# Andre lotteri

For 2021 har vi registrert i overkant av 2 300 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteria som har det meste av omsetninga. Her viser vi tal for landslotteria, lotteria etter § 7 i Lotterilova, mindre lokale og regionale lotteri samt Poker-NM.

## Landslotteri

Landslotteri er landsdekkjande.

For 2021 har vi fått innrapportert 23 lotteri. I 2020 var talet 24.

### Landslotteri - nøkkeltal år 2021

Loddsal	89,1 mill kr
Gevinstkostnad	10,1 mill kr
Netto omsetning	78,9 mill kr
administrative kostnader	46,0 mill kr
overskot til formåla	32,9 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	37 %
Formåla sin del av netto omsetning	42 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	11 %

Total omsetning var 89 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2021 var 10 millionar. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte i frå. Administrative kostnader utgjorde 46 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 33 millionar. Dette utgjorde 37 prosent av brutto – og 42 prosent av netto omsetning.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemsal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

## Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>32</sup>	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	9,6	6,5	11 %	20 %	67 %
Helse	62,1	19,1	70 %	58 %	31 %
Musikk, kultur og fritid	4,3	3,1	5 %	9 %	73 %
Humanitær	9,1	3,1	10 %	10 %	34 %
Diverse	3,9	1,1	4 %	3 %	28 %
Totalt	89,1	32,9	100 %	100 %	37 %

Helseorganisasjonar har størst omsetning, og totalt 70 prosent av heile marknaden.

## Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm. kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm. kostn. av netto oms.	Overskot av netto oms.
Idrett	8,9	2,5	6,5	28 %	72 %
Helse	54,3	35,2	19,1	65 %	35 %
Musikk, kultur og fritid	3,7	0,6	3,1	17 %	83 %
Humanitær	8,5	5,3	3,1	63 %	37 %
Diverse	3,5	2,4	1,1	68 %	32 %
Totalt	78,9	46,0	32,9	58 %	42 %

Administrative kostnader utgjorde 46 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

Av landslotteria er det berre Landsforeningen for hjerte- og lungesyke sitt eige lotteri som har ei omsetning over 10 millionar kroner. I 2021 omsette LHL sitt lotteri for 36 millionar, mot 43 millionar i 2020.

<sup>32</sup> Liste over organisasjonane i vedlegg.



## Større lotteri etter § 7 i forskrift til lov om lotterier m.v.<sup>33</sup>

Desse lotteria har større årleg omsetningsramme. I 2021 var det tre slike lotteri. Samla omsetning for lotteria var 568 millionar. Både Pantelotteriet og Postkodelotteriet har auka omsetninga.

### § 7 – lotteri, nøkkeltal år 2021

Loddsal	568,5 mill kr
Gevinstkostnad	201,0 mill kr
Netto omsetning	367,5 mill kr
administrative kostnader	174,3 mill kr
overskot til formåla	193,2 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	34 %
Formåla sin del av netto oms.	53 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	35 %

Organisasjonane som hadde inntekter frå desse lotteria i 2021 var Norges Røde Kors (Pantelotteriet), WWF Norge og SOS-Barnebyer Norge (Postkodelotteriet), samt Right to Play (SnapChance). Blant formål har 152,5 millionar gått til organisasjonar i kategori *Humanitær*, medan nær 40,7 millionar går til miljøorganisasjonar som fell inn under kategorien *Diverse*.

## Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det arrangert om lag 2 290 lokale og regionale lotteri i 2021. 2 240 var meldingslotteri og i tillegg har 50 lotteri fått løyve<sup>34</sup>. Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat for meldingslotteri.

### Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2021

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 5 mill)	145 mill kr
Gevinstkostnad	30 mill kr
Netto omsetning	115 mill kr
administrativ kostnad	5 mill kr
overskot til formåla	110 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	76 %
Formåla sin del av netto oms.	96 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	21 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

<sup>33</sup> Frå 1. januar 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, i kap 10 i pengespeleforskrifta.

<sup>34</sup> Arrangør av lotteri med omsetning opp til kroner 200 000,- per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning over kroner 200 000,- treng løyve frå Lotteritilsynet.

## Poker-NM, nøkkeltal år 2021

Brutto omsetning (deltakaravgift)	23,6 mill kr
Gevinstkostnad	18,5 mill kr
Netto omsetning	5,1 mill kr
administrativ kostnad	4,0 mill kr
overskot til formål	1,2 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	23 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	78 %

Det var Gynkreftforeningen og Blodkreftforeningen som mottok formålsandelen frå Poker-NM i 2021.

# Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert i forskrift. Av netto omsetning skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar. I praksis er det seks skip frå Color Line og eitt frå Fjordline (frå 1. juli 2021) i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på skipa er der to typar spel; automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett.

Passasjerane spelte i 2021 for 335 millionar om bord i desse skipa. Det meste, og 90 prosent vart spelt på automatar. 10 prosent vart satsa ved spelebord.

## Spel på skip – nøkkeltal 2021

<b>Brutto omsetning<sup>35</sup></b>	
Automatar	300,5 mill kr
Spelebord	34,9 mill kr
<b>Totalt</b>	<b>335,4 mill kr</b>
<b>Utbetalt gevinst</b>	
Automatar	259,9 mill kr
Spelebord	26,4 mill kr
<b>Totalt</b>	<b>286,2 mill kr</b>
Total netto omsetning	49,1 mill kr
administrativ kostnad	39,3 mill kr
overskot til formåla	9,8 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	3 %
Formåla sin del av netto oms.	20 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	85 %

9,8 millionar var fordelt til 103 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	7,8	79 %
Helse	0,3	3 %
Musikk/kultur/fritid	0,9	9 %
Humanitær	0,3	3 %
Diverse	0,5	5 %
<b>Totalt</b>	<b>9,8</b>	<b>100 %</b>

<sup>35</sup> Brutto omsetning for automatar er det totale beløpet det er spelt for, både det som er lagt på automatar av fysiske pengar og spel av gevinstar som ikkje først er utbetalt. For spelebord er brutto omsetning verdien på talet sjetongar som er kjøpt.

In 2021 the turnover in the Norwegian gambling and lottery market amounted to NOK 51.9 billion. Out of this, the players collected NOK 40.8 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 11.1 billion to be distributed among the market participants, i.e., operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 51.0 billion in 2020.

## Key figures in the gambling market in Norway

Year 2021	Million	
	NOK	EUR <sup>36</sup>
Gross turnover (total wagered)	51 878	5 104
Prizes	40 818	4 016
Net turnover (expenditure/loss/GGR)	11 060	1 088

Year 2021	Amount wagered		Expenditure / GGR	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>37</sup>	9 592	944	2 045	201
Per capita, 18 years and older	12 070	1 187	2 573	253
Per household <sup>38</sup>	20 432	2 010	4 356	429
Percentage of disposable income <sup>39</sup>		3.04 %		0.65 %

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 9,592 in 2021.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 2,045. This amounts to 0.65 % of the disposable income per household.


<sup>36</sup> Average rate of exchange 2021 as determined by Norges Bank: 10.1648.

<sup>37</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>38</sup> The average number of persons per household is 2.13. Figures from Statistics Norway.

<sup>39</sup> Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1.708.756 million.

The Norwegian gambling market – gross turnover (sales) in 2021, total 51 878 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e., approximately NOK 43.7 billion (of this close to 4 billion on IVTs and 22.8 billion on interactive online games<sup>40</sup>). Norwegians wagered NOK 3.2 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover between NOK 3.7 and 3.8 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 3.6 billion. Also included here are side games (electronic<sup>41</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is NOK 111 million.

Among the lotteries, the licensed and the nationals have the highest turnover at NOK 658 million. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 145 million.

The Norwegian championship in tournament poker had a gross turnover on NOK 24 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 335 million in 2021<sup>42</sup>.

40 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 292 million, and NOK 1,268 million on online Casino, online Scratch games and online Bingo.


41 Bingo machines

42 For table games the value of chips purchased. For slot machines the total value of all games played.

The Norwegian gambling market 2021, market share of gross turnover (sales)



The Norwegian gambling market 2021, market shares of gross gaming revenue



## Om talmaterialet

Talmaterialet i rapporten bygger hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden. Tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er for det meste henta frå dei sjøve. Fordelinga av tippemidlar kjem frå Kultur- og likestillings-departementet. Fordelinga av midlane frå Stiftelsen Dam er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingoentreprenørar og lotteri med løyve har rapportert sine tal og desse er registrert i Lotteri-registeret. For dei største lotteria bygger talmaterialet på rekneskap frå tilbydarane sjøve. For mindre lokale og regionale lotteri er omsetnings-tala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2021.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

## Kategorisering av formål

### Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

### Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f.eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

### Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

### Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningssselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

### Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Organisasjonar sine ICNPO-kodar er også brukt for å gruppere til kategoriane.

## Landslotteri 2021 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

<b>Idrett</b>	Norges Fotballforbund (2 lotteri) Norges Gymnastikk- og Turnforbund (2 lotteri)
<b>Helse</b>	Diabetesforbundet Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen Uventet Barsedød MS- forbundet Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Handikapforbund Norsk Cøliakiforening Norske Kvinners Sanitetsforening Psoriasis- og eksemforbundet Stoffskifteforbundet
<b>Musikk, kultur og fritid</b>	4H Norge Norges Musikkorps Forbund
<b>Humanitær</b>	Adopsjonsforum Redningsselskapet
<b>Diverse</b>	MA - rusfri trafikk (2 lotteri) Noregs Mållag



**Tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner,  
– frå Norsk Tippings overskot i 2021 - utbetalt etter søknad i 2022**

Organisasjon	Mill. kroner
ADHD Norge	1 621 678
Barnekreftforeningen	4 372 802
Blå Kors Norge	9 560 316
Brystkreftforeningen	944 921
Cerebral Parese-foreningen	1 247 202
Den Norske Turistforening	15 481 837
Diabetesforbundet	5 551 683
Dyrebeskyttelsen Norge	1 215 266
Dysleksi Norge	1 049 759
Forandringsfabrikken stiftelse	1 959 904
Foreningen for hjertesyke barn	1 913 460
Framtiden i våre hender	4 066 633
Frelsesarmeen	42 827 876
HLF Hørselshemmedes Landsforbund	7 773 542
IOGT i Norge	2 648 243
Kirkens SOS	4 396 610
Kreftforeningen	49 394 671
Landsforeningen for hjerte og lungesyke	11 402 300
Landsforeningen Uventet Barsedød	894 408
Mental Helse	7 485 177
MS-forbundet	1 654 569
Naturvernforbundet	3 826 320
Norges Astma – og Allergiforbund	2 740 067
Norges Blindeforbund	19 763 104
Norges Døveforbund	1 193 344
Norges Handikapforbund	4 883 735
Norges Jeger og Fiskerforbund	8 092 461
Norges Livredningsselskap	1 265 524
Norges Parkinsonforbund	1 415 448
Norsk cøliakiforening	1 283 687
Norsk Forbund for Utviklingshemmede	1 693 677
Norsk Fosterhjemsforening	1 031 251
Norsk Revmatikerforbund	2 717 253
Norske Kvinners Sanitetsforening	9 473 608
Norske Redningshunder	1 380 533
Organisasjonen Voksne for Barn	2 125 622
Redd Barna	24 494 944
Rådgivning om spiseforstyrrelser	2 122 245
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	39 103 205
Stiftelsen Livsglede for Eldre	1 536 145
Stiftelsen Norsk Luftambulans	26 878 042
Sunnaasstiftelsen	1 081 361
Redd Barna (omgjøring for tildelingsår 2019, 2020 og 2021)	95 155 049
<b>Totalt</b>	<b>430 719 482</b>

## Berekening for lokale/regionale lotteri

For 2021 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri <sup>43</sup>	Lotteri med løyve <sup>44</sup>
Brutto omsetning i snitt	53 000	503 000
Samla gevinstprosent (kostnad)	16 %	36 %
Overskot av brutto omsetning	85 %	57 %
Tal meldingar/ løyve	2 240	50

			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	118 mill	25 mill	143 mill	145 mill
Estimert gevinst	19 mill	9 mill	28 mill	30 mill
Estimert netto omsetning	99 mill	16 mill	115 mill	115 mill
Estimert overskot til formåla	98 mill	14 mill	112 mill	110 mill

Estimert brutto omsetning år 2021 *	145 mill
- Gevinst *	30 mill
= Netto omsetning	115 mill
administrativ kostnad	5 mill
= overskot	110 mill
Formåla sin del av brutto oms.	76 %
Formåla sin del av netto oms.	96 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	21 %

\*) Avrunda beløp er runda til næraste 5 mill.

43 Gjennomsnittleg loddsal frå 1175 rekneskap registrert av Lotteritilsynet var for 2021, kr 52 767, - Gevinstprosent og prosent til formål er beregnet på grunnlag av rapporterte tal i 2021 og tidlegare år.

44 Gjennomsnittlege tal frå rekneskap for alle 50 lotteri med løyve for 2021, kr 503 061,-





Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde

Tlf.: 57 82 80 00

[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)

[lottstift.no](http://lottstift.no)

